

## Referat rovernemndsmøte 20.-22. april 2018

Rovernemndsmøtet starta laurdag 24. april kl. 09.36 på Tjensvoll speiderhus. Møtet heva sundag kl. 14.23.



### **Tilstade:**

Maren Pernille Indreeide Øvregaard (frå laurdag ettermiddag)  
Alfred Mestad Rønnestad  
Markus A Ho-Yen  
Ingvild Reitan  
Amalie Ulevik Bjerk  
Simmen Karoliussen

### **Sak 07/18: Konstituering**

Sak 7.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjent

Sak 7.2 Val av referent

Ingvild vart vald til referent

### **Sak 08/18: Oppdatering**

Sak 8.1 Oppdatering frå krinsane

Rovernemnda gjekk gjennom oppdateringane frå alle krinsane

Sak 8.2 Oppdatering frå dei nasjonale roverarrangementa

8.2.1 Roverfemkamp 2018

Lokalkomiteen har fått i gang hovudkomité, sendt ut det som skal til Speiderbladet, og dei har fått hjelp frå Halvard på kontoret. Fokus på PR.

8.2.2 Roverball 2018

Markus jobbar med hovudkomiteen. Det blir kanskje globalbingo på arrangementet.

8.2.3 Roverkongress 2019

Simmen orienterte om status.

8.2.4 Roverlandsleir 2019

Amalie orienterte om status.

### 8.3.5 Valkomiteen v/ Maren Pernille

Maren Pernille orienterte om status.

## 8.3 Oppdatering frå arrangement vi har delteke på

### 8.3.1 Påskeleir v/ Markus og Ingvild

Markus og Ingvild orienterte

### 8.3.2 Studietur med Landsstyret v/ Maren Pernille

Maren Pernille orienterte

### 8.3.3 Barne- og ungdomsting 2018 v/ Maren Pernille

Maren Pernille orienterte

## **Sak 09/18: Rovernemndas tiltaksplan**

Rovernemnda gjekk gjennom tiltaksplanen og oppdaterte ansvarsfordelinga

## **Sak 10/18: Representasjon av roovernemnda**

I forkant av møtet var det spørsmål om kva som skal til for at ein kan føre opp i årsmeldinga at roovernemnda har vore representert. Rovernemnda valde å lage eit dokument i Drive der ein kan skrive inn alle arrangementa ein deltek på, fargekode dette, og så kan ein ta ei vurdering på slutten av året om det skal inn i årsmeldinga. Lavterskel.

## **Sak 11/18: Planlegging av roverkontaktsamling 2018**

Rovernemnda kom fram til at ein vil ha ein liten lounge for roverkontaktene, der roovernemnda kan møte roverkontaktene og roverkontaktene kan møte kvarandre for påfyll og inspirasjon.

## **Sak 12/18: Sponsing på Facebook**

Rovernemnda bestemte at kr. 1000 i budsjettet skal leggest av til sponsing på Facebook, og deretter justere beløpet anten opp eller ned alt ettersom korleis det går.

### **Sak 13/18: Automatisk utsende e-postar til lokalkomiteane**

I fjor starta ein med ei ordning der lokalkomiteane for dei nasjonale roverarrangementa får tilsend e-postar med informasjon om planlegginga. Elise har sendt testmailar til Markus, og dei ser bra ut. Eigen mail om fordeling av ansvarsområder.

### **Sak 14/18: Rovernemnda sine oppgåver på Futura**

Rovernemnda planla scenetid og bestemte elles at rovernemnda sine medlemmer er til stades på roverprogramopplegg når vi har tid og moglegheit.

### **Sak 15/18: Finne kandidat til Ungdommens kirkemøte 2018**

Ettersom at ingen av kandidatane som stilte til val på kongressen kunne reise på årets UKM likevel, jobba rovernemnda med å finne ein person som ville reise.



Maren Pernille Indreeide Øvregaard

Rovernemndsleder



Ingvild Reitan

Referent